



Sakshandsamar Jon Harald Kjærland er positiv til dei nye forskriftane

**Sakshandsamar Jon Harald Kjærland frå Uskedalen er ein nøkkelperson i kommunen når byggjesakar skal handsamast. Han slår i Grenda i dag fast at endringane som skal gjennomførast frå 1. juli er klårt positive i dei fleste tilfelle. Innhaldet i dei nye forskriftene vil vere gunstige for innbyggjarar flest. - Dei skal syta for effektivitet slik at folk skal kunne bruka ferien til å byggja kurante ting. Får ein eit innfall om å setja opp ein garasje, skal ein gjera det. Dette vil vera positivt for mange, held han fast.**

Han er heller ikkje redd for at det vert fleire nabokranglar framover. Kjærland trur at mange naboar har eit slikt tilhøve at dei snakkar med kvarandre uansett og at det difor vil ordna seg.

Kjærland sin kollega Eva Sundal peikar på ein stor skilnad. Før måtte kommunen sjekka ein sak i samband med sakshandsaminga. Heretter er det opp til den einskilde å sjekka.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen